



10.10.2007

Helse- og omsorgsdepartementet
postboks 8011 Dep.

Arkivsak: 07/228
Løpenr.: 07/11871
Sakshandsamar:
Liv Helen Nystuen

0030 OSLO

Forslag til sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Viser til brev datert 29.06. d.å.

Luster eldreråd har i møte den 10. oktober d.å., sak 26/07 drøfta høyringsnotat om sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA), og gir fylgjande uttale:

Luster eldreråd ser positivt på ei ordning som gir større kommunal likskap med omsyn til kven som får BPA, og at målsettinga om større valfridom og brukarmedverknad vert oppnådd.

Luster eldreråd vel å kommentere dei tre spørsmåla i innleiinga.

1. Når denne ordninga vert betre kjend meiner eldrerådet det vil føre til fleire brukarar, særleg frå yngre. Totalt vil jo dette føre til noko større utgifter.
2. Eldrerådet meiner kommunen bør ha arbeidsgjevaransvaret, og brukaren bør i størst mogeleg grad bestemme kven som skal vera assistent.
3. Dersom brukaren sjølv ikkje er i stand til å ivareta arbeidsleiaransvaret meiner eldrerådet at kommunen bør ha hovudansvaret, men då i nært samarbeid med pårørande.

Med helsing

Liv Helen Nystuen
Sekretær for Luster eldrerådet
tlf.: 57 68 55 42

Kopi til: Luster kommune, Rådhuset, 6868 Gaupne

ADRESSE: Luster kommune Rådhuset 6868 Gaupne	TELEFON: Sentralbord: 57 68 55 00	TELEFAX 57 68 55 01	E-POST ADRESSE: postmottak@luster.kommune.no	ORGANISASJONSNR. 964 968 241 Bankgiro: 3785.07.00142
--	--	-------------------------------	--	---